vigo
Interkommunalt selskap

Fylkeskommunenes landssamarbeid

# Eksamen

14.11.2018

DTE2001 Produksjon og materiale / Produksjon og materialer

**Programområde:** Design og tekstil

**Nynorsk/bokmål**

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Vedlegg 1: arbeidsteikning bluse, dame<br>Vedlegg 2: arbeidsteikning skjorte, herre |
| **Vedlegg som skal leverast inn** | Ingen |
| **Informasjon om vurderinga** | Karakteren blir fastsett etter ei heilskapsvurdering.<br>• Når du løyser oppgåva, må du skildre og grunngi vala du tar.<br>• Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å<br>o presentere og bruke fagstoff og å grunngi synspunkta dine og forslaga til løysing av oppgåva<br>o trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva<br>o gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine<br>o meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter<br>o nytte døme der det er relevant<br>o bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein føremålstenleg måte |

# Oppgåve 1

Du har fått i oppdrag å planleggje produksjonen av ei skjorte til herre eller ein bluse til dame. Vel éin av dei vedlagde modellane med arbeidsteikning:

Vedlegg 1: arbeidsteikning bluse, dame
Vedlegg 2: arbeidsteikning skjorte, herre

**Analyse**

a) Analyser arbeidsteikninga av modellen du har valt. Skriv med faglege stikkord kva modellen inneheld.

**Vel materiale til modellen du har valt**

b) Forklar og grunngi vala av fibrar.
c) Skriv vedlikehaldsmerking av produktet ved hjelp av symbol og tekst.

**Stoffberekning**

d) Rekn ut kor mykje stoff du treng til modellen, og forklar korleis du reknar det ut.
e) Kva slags anna tilbehøyr treng du til modellen?

**Mønster**

f) Teikn og forklar korleis du vil lage mønsteret til éin av detaljane på modellen.
g) Kor mykje ledigvidde vil du berekne til modellen din? Korleis fordeler du dette?
h) Forklar korleis du vil rekne ut breidda på stolpen framme på modellen din.
i) Kor mykje saummonn må du berekne for å kunne sy saumane du har valt (sjå spørsmål k)?

**Saum og samanføyingsteknikkar**

j) Kva for saumar vil du bruke på modellen? Grunngi vala.
k) Basert på samanføyingsteknikkane du har valt: Kva for symaskiner vil du bruke i saumproduksjonen?

**Saumrekkjefølgje**

l) Skriv ei saumrekkjefølgje der du forklarer korleis du vil produsere modellen du har valt.

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Vedlegg 1: arbeidstegning bluse, dame<br>Vedlegg 2: arbeidstegning skjorte, herre |
| **Vedlegg som skal leveres inn** | Ingen |
| **Informasjon om vurderingen** | Karakteren fastsettes etter en helhetsvurdering.<br>• Når du løser oppgaven, må du beskrive og begrunne valgene du tar.<br>• Kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å<br>    o presentere og bruke fagstoff og å begrunne synspunktene dine og forslag til løsninger av oppgaven<br>    o trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven<br>    o redegjøre for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine<br>    o mestre relevante grunnleggende ferdigheter<br>    o bruke eksempel der det er relevant<br>    o bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig måte |

## Oppgave 1

Du har fått i oppdrag å planlegge produksjonen av en skjorte til herre eller bluse til dame. Velg én av de vedlagte modellene med arbeidstegning:

Vedlegg 1: arbeidstegning bluse, dame
Vedlegg 2: arbeidstegning skjorte, herre

**Analyse**

a) Analyser arbeidstegningen av modellen du har valgt. Skriv med faglige stikkord hva modellen inneholder.

**Velg materialer til modellen du har valgt**

b) Forklar og begrunn valgene av fibre.
c) Skriv vedlikeholdsmerking av produktet ved hjelp av symboler og tekst.

**Stoffberegning**

d) Beregn hvor mye stoff du trenger til modellen, og forklar hvordan du regner det ut.
e) Hva slags annet tilbehør trenger du til modellen?

**Mønster**

f) Tegn og forklar hvordan du vil lage mønsteret til én av detaljene på modellen.
g) Hvor mye ledighetsvidde vil du beregne til modellen din? Hvordan fordeler du dette?
h) Forklar hvordan du vil beregne bredden på stolpen foran på modellen din.
i) Hvor mye sømmonn må du beregne for å kunne sy sømmene du har valgt (se spørsmål k)?

**Søm og sammenføyningsteknikker**

j) Hvilke sømmer vil du bruke på modellen? Begrunn valgene.
k) Basert på sammenføyningsteknikkene du har valgt: Hvilke symaskiner vil du bruke i sømproduksjonen?

**Sømrekkefølge**

l) Skriv en sømrekkefølge hvor du forklarer hvordan du vil produsere modellen du har valgt.

Vedlegg 1: arbeidstegning bluse, dame



Kilde: https://clipartxtras.com

Vedlegg 2. arbeidstegning skjorte, herre



www.vigoiks.no/eksamen

vigo
Interkommunalt selskap